



Kjell Rusten jaktar på Skorpo. Rusten har vakt i ettersøkslaget denne veka.

**Hjortejakta starta fredag morgon og alt fyrste dagen vart det felt mange dyr.  
På Eik skaut Sigurd Børve ein 2 år gamal kronhjort.  
På Myklebust er det alt skotne tre dyr. Lars Haugland seier at det på Haugland vart teke eit dyr tidleg fredag morgon.**

Jaktvaldet på Haugland har elles teke 8 skadedyr i sommar.

Jaktlaget til Geir Rusten, som jaktar på Oskar Langballe sitt areale på Skorpo, kan ikkje melde om felte dyr til no.

Kjell Rusten har vakt i ettersøkslaget i Kvinnherad. Han fortel til uskedalen.no at det til no ikkje er meldt inn skadeskotne dyr og dermed heller ikkje trong for søk med hund.

Opninga på jakta har vore fin og jegerane syner disiplin og varsemd. Varmen gjer at mange avventar den mest intense jaktinga. Nettsida vil fylgja opp hjortejakta med ulike innfallsvinklar på det stoffet som gjort kjend.

Teskt og foto: Kristian Olav Bringedal